



# Høyanger kommune

## Møtebok

**Arkiv:** FA-M40, TI-&00  
**JournalpostID:** 25/7597  
**Sakshandsamar:** Geir-Øyvind Hovlandsdal

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
22/25	Formannskap	12.06.2025

## Høyring- lokal forskrift vass og avløpsgebyr

### Kommunedirektøren si tilråding:

I medhald av lov om kommunale vass og avløpsanlegg §§ 3 og 5 blir framlegg til «Lokal forskrift for vass og avløpsgebyr» sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn i minst seks veker.

### 12.06.2025 Formannskap

### Handsaming:

Einingsleiar Kommunalteknisk drift, Geir-Øyvind Hovlandsdal, orienterte om saka.

### Avrøysting:

Kommunedirektøren si tilråding: Samrøystes vedteke

### FS22/25 VEDTAK:

I medhald av lov om kommunale vass og avløpsanlegg §§ 3 og 5 blir framlegg til «Lokal forskrift for vass og avløpsgebyr» sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn i minst seks veker.

### Saksutgreiing:

### Bakgrunn

Kommunale vass og avløpsgebyr gir det økonomiske grunnlaget for fornying, drift og vedlikehald av dei kommunale vass og avløpsanlegga. Heimelen og reglane for innkreving av desse gebyra skjer i lokal forskrift utarbeidd av kommunen.

Gjeldande forskrift er vedteken i sak 085/11 den 22.11.2011, og administrasjonen ser behovet for ei revidert forskrift som speglar utviklinga som har skjedd i overordna regelverk/samfunnsutvikling i tida etter dette.

Fleire lover og forskrifter er aktuelle. Desse er:

- Lov om kommunale vass – og avløpsanlegg
- Forurensingslova med forurensingsforskrifta

## **Vurdering**

Lokal forskrift for VA gebyr fastsett reglane for korleis kommunale vass og avløpsgebyr skal krevjast inn. Forskrifta varer heilt til kommunestyret fastsett ny (revidert) forskrift. Det årlege vedtaket i kommunestyret av storleiken på ulike gebyr innan sektoren, vedteke kvart år i desember, er heimla i denne forskrifta.

Overordna regelverk frå sentrale styresmaktar har blitt endra dei seinare åra. Dette gjeld m.a. forbod mot bruk av minimumsgebyr og krav til vassmålarar dersom gebyra blir fastsett på bakgrunn av målt forbruk. Det er m.a. innført krav til internkontroll av vassmålarane for å sikre rett måleresultat. I dette framlegget til ny forskrift er det teke omsyn til desse nye føringane av overordna styresmaktar.

Vidare er det lagt opp til at fordelinga mellom storleiken på fastleddet og det forbruksavhengige leddet, blir fastsett kvart år i gebyrvedtaket/regulativet. Det er og innført eit gradering av fastleddet slik at abonnentar med store inntaksleidningar til dømes bygg med sprinklaranlegg må betale høgre fastledd. Årsaka til dette er å spegle den auka kostnaden kommunen har i form av krav til større leidningsdimensjonar.

Alle næringsverksverksemdar har fått krav til bruk av vassmålarar. Når det gjeld abonnentar med vanlege bustader, kan desse velje mellom bruk av vassmålarar eller få vassforbruket fastsett med bakgrunn i storleiken på huset. Det er eit langsiktig mål at ein større del av abonnentane skal betale etter målt forbruk. Det er sett krav til at kommunen skal eige vassmålarane.

## **Konklusjon**

Kommunedirøktøren tilrår at framlegg til «Lokal forskrift for vass og avløpsgebyr» vert sendt på høyring og lagt ut til offentleg ettersyn i minst seks veker.